

PRESSEINVITASJON

30.04.2024

Opnar Sykle til jobben og markerer byggestart for ny sykkelstamveg i Sandviken

Måndag 6. mai markerer vi at Sykle til jobben-kampanjen er i gang, med ei morgonutdeling til jobbsyklistar på Bryggen. Samtidig markerer vi byggestart for ny sykkelstamveg mellom Bradbenken og Glass Knag i Sandviken.

Måndag 6. mai frå kl. 07.15 og utover inviterer vi til opningsmarkering for Sykle til jobben, med utdeling av smoothie til morgonfriske syklistar ytst på Bryggen (vis a vis SAS-hotellet).

Sykle til jobben varer i år frå 3. mai til 16. juni. Under morgonmarkeringa vil fleire gode krefter som jobbar for meir sykling og annan grøn mobilitet vere representert.

Mellom anna blir desse med frå 07.30:

- Medlem i hovudutval for utval for samferdsel og mobilitet i Vestland fylke, Marthe Hammer (SV)
- Sekretariatsleiar i Miljøløftet, Aina Haugstad
- Bedriftsidretten Vestland ved Christian Jensen og Milena Salazar
- Statens vegvesen (byggherre for sykkelstamveg Bradbenken-Glass Knag), ved byggeleiar Bjørn Rusten Lundberg
- Entreprenøren på sykkelstamveg Bradbenken-Glass Knag, Vassbakk & Stol

Bygger ny sykkelveg – på sykkel

Byggestarten for Sykkelstamveg Bradbenken-Glass Knag blir også markert denne dagen. Den nye sykkeltraseen vil strekke seg 2,3 kilometer frå Bradbenken, via Sandvikstorget og forbi Gjensidige-krysset til Glass Knag.

Sykkelvegen vil også ha fortau og gjere det enklare og tryggare for både fotgjengarar og syklistar å bevege seg på strekninga utover Sandviken. Spesielt har Gjensidige-krysset vore utsett, med fleire ulukker mellom syklist og bil, og ein ny sykkelveg her har vore etterlyst av mange.

Entreprenøren Vassbak & Stol har fått kontrakten på Sykkelstamveg Bradbenken-Glass Knag. Dei brukar sjølve sykkel på jobben for å bevege seg mellom anleggsområda på den langstrekke byggeplassen.

Sykkelvegen skal etter planen stå ferdig sommaren 2026.

Sponsor deltakinga i Sykle til jobben

For å senke terskelen for deltaking i Sykle til jobben, betalar Bergen kommune for alle innbyggjarar i Bergen kommune, medan Miljøløftet betalar for påmeldinga til innbyggarane i resten av Miljøløftet-kommunane.

Sykle til jobben er ein årleg aktivetskampanje i regi av Bedriftsidretten. Kampanjen er for alle, uansett form. All aktivitet tel, anten det er til jobb eller på fritida, og uansett om det er sykling eller andre måtar å bevege seg på.

Meir info:

<https://www.sykletiljobben.no/>

<https://miljoloftet.no/nyheter/2024/sykle-til-jobben-no-kan-du-melde-deg-pa/>

<https://miljoloftet.no/prosjektliste/gange-og-sykkel/sykkelstamveg/bradbenken-glassknag/>

Kontaktpersonar

Aina Haugstad

Leiar, Miljøløftets sekretariat

aina.haugstad@vegvesen.no

Telefon: 97700413

Brit Helen Simmenes

Leiar, Bedriftsidretten Vestland

brithelen.simmenes@bedriftsidretten.no

Telefon: 414 77 775

Anders Kjetland

Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøløftets sekretariat

anders.kjetland@vegvesen.no

Telefon: 95706862

Karoline Rage

Kommunikasjonsrådgjevar, Statens vegvesen

karoline.rage@vegvesen.no

Telefon: 47644964